

Grasbanen på Heio er stengt

27.03.2013



Stengt, men hvor lenge? Foto: Ola Matti Mathisen

Om banen skal verta fin til sommarsesongen er det viktig at grasmatta får fred i vårløysinga. Banen på Heio vert difor stengt frå no av og nokre veker frametter. meldar idrettslaget.

Det er sett ut skilt om at banen er stengt, men det hender at skiltet vert sett til side av våryre ballspelarar. Idrettslaget ber om at stenginga vert respektert sjølv om skiltet ikkje er på plass til ei kvar tid.

Det er vanskeleg å seia når grasbanen opnar att, det heng nøye saman med veret. Ein må i alle høve rekne med at det vil gå to-tre veker, kanskje meir.

Når banen om ei tid er klar til bruk vil det verta kringkasta på heimesida, facebook og uskedalen.no. Til dess ber laget om at dei mest ballglade nyttar grasbanen ved skulen.

http://www.uskedalil.no/uil/Nytt-fr%E5-UIL/Grasbanen-p%E5-Heio-er-stengt/cid/a26789_31166/

Ligg også på

www.facebook.com/uskedalidrettslag